Suldal Næringshage

Årets Suldalsbedrift 2016 er Norsk Stein As.

8. mai 2017

Vinnaren av Årets Suldalsbedrift 2016 er eit ektefødt barn av Ulla-Førre og eit aldri så lite gründereventyr. Ved å utnytte verdifulle naturressursar har bedrifta vakse seg stor og sterk og er ei hjørnesteinsbedrift i Suldal. Sidan oppstarten i 1987 har det blitt gjort store og viktige investeringar for å styrke konkurransekraft og bu seg på framtida, og bedrifta framstår i dag som ein solid nasjonal og internasjonal aktør i sin bransje. Bedrifta representerer også ein attraktiv og mangfaldig kompetansearbeids¬plass med stort fokus på eit inkluderande arbeidsliv.

Å tenkja nye marknader er ein del av kvardagen til bedrifta, og Årets Suldalsbedrift viser gong på gong ei solid evne til å omstille seg etter kva marknaden treng og ønskjer. Sjølv legg dei vekt på kor viktig det er å drive der naturressursane er og kor viktig det er å drive i ein kommune som legg til rette for industriutvikling.

Juryen meiner Årets Suldalsbedrift tilfredsstiller føremålet med prisen på beste vis, og har gjort det i ei årrekkje. Selskapet representerer i dag betydeleg verdiskaping både i form av gode økonomiske resultat og som ein stor arbeidsgivar. Me snakkar store tal på mange frontar. Bedrifta sysselset om lag 200 personar, er eitt av dei største steinbrudda i verda i sitt slag, og produserer årleg 10 millionar tonn. Dei tilsette er steintøffe ambassadørar og stolte over sin internasjonale arbeidsplass.

Me kan alle vere stolte av Årets Suldalsbedrift.

Juryen i Årets Suldalsbedrift 2016 er ordførar Gerd Helen Bø, Olav Lindseth (Suldal Næringsforening), Sølve Myrvang, (Suldal Vekst As) og Laila Steine (juryleiar og dagleg leiar Suldal Vekst As).
Føremålet med prisen Årets Suldalsbedrift er å stimulera og motivera til utvikling, vekst og nyskaping i næringslivet i Suldal, og gi næringslivet betre status og omdømme i.

Prisen skal tildelast ei bedrift som har aktivitet i Suldal, og har følgjande hovudkriterier:
Bedrifta skal ha stabil verksemd og positiv utvikling
Bedrifta skal ha utmerka seg på eit område
Bedrifta skal ha aktivitet i Suldal.